

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Pål Kårbø sette fram slikt forslag.

«Saka vert utsett. Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe som arbeider nærmere med evalueringssrapporten før endeleg handsaming før sommaren.»

Røysting

Forslaget om utsetjing fekk 7 røyster (A, SP, SV, KRF) og fall.

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av H, FRP, KRF fram forslag til vedtak.

«Samferdselsutvalet vil be om at det innan 01.06.2014 vert lagt fram ei sak om korleis det for kvart enkelt løyve kan rapporterast total tid i drift og drift i i periodar med etterspørselspress. Likeeins korleis det kan sanksjonerast mot løyve som er lite i bruk. Nødvendige endringar av reglementet som fylgje av dette bør handsamast i saka.»

Pål Kårbø sette fram forslag til nytt pkt. i innstillinga.

«Fylkesutvalet ber om at fristen på overgang mellom sentralane vert reell på 3 mnd. Dvs at ein ikkje kan vera kontinuerleg klar til overgang.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samråystes vedteke.

Pål Kårbø sitt forslag til nytt pkt vart vedteke mot 3 røyster FRP og Eli Berland (H).

Stein Inge Ryssdal sit forslag til vedtak vart vedteke mot 4 røyster (A).

Innstilling

Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeverksemda til orientering, og godkjenner endringa i

1. drosjereglementet slik det går fram av saka.

2. Fylkesutvalet ber om at fristen på overgang mellom sentralane vert reell på 3 mnd. Dvs at ein ikkje kan vera kontinuerleg klar til overgang

Vedtak

Samferdselsutvalet vil be om at det innan 01.06.2014 vert lagt fram ei sak om korleis det for kvart einkelt løyve kan rapporterast total tid i drift og drift i i periodar med etterspørselspress. Likeeins korleis det kan sanksjonerast mot løyve som er lite i bruk. Nødvendige endringar av reglementet som fylgje av dette bør handsamast i saka